



Adv. Anders Storaker
Forusbeen 78
4033 STAVANGER

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Jon Harald Kjærland	53483273	2009/1643-66		13.12.2012

Vedr. dokumentasjon - 64/111 - terrasse - Ænes - Bodil Enes.

Vi viser til dykkar brev vedr. dokumenter i saka om retting av terrasse.

Vedlagt fylgjer uttale til klage på terrasseretting frå Bodil Enes motteke 26.10.2012 til orientering.

Underteikna har hatt div. telefonkontakt med tiltakshavar samt sendt e-post den 21.11.2012 vedr. retting av terrasse. E-post er vedlagt til orientering.

Det har teke noko tid å finna ut av regelverket, og underteikna må innrøma at vi misttolka regelverket slik at terrasse lagt på mark ikkje var søknadspliktig. Vi hadde også eit bestemt inntrykk av E. Stuvik om at det var rommet under altan m/oppbevaring av diverse som var hovedproblemet og ikkje sjølv tredekke. Underteikna oppfatta retting med attfylling av gropa som tilstrekkeleg retting av tiltaket. Eg har seinare innrømt at regelverket viser søknadsplikt for terrasse på mark plassert nærmare nabogrense enn 4 meter (e-post 21.11).

Vi har forståing for at tiltakshavar har måtta bruka litt tid på å ta innover seg denne regelpraksisen, og at tunplanen endrast i høve til dette.

Terje Enes har på vegne av Bodil Enes nyleg vore på kontoret og samtalt om løysingar, og eg fekk eit bestemt inntrykk av at vi har felles forståing av regelverket.

Vi ser det slik at saka vil bli løyst ved retting av tiltaket, og at det ikkje blir noko politisk klagesak. Uttalen motteke 26.10.2012 frå Bodil Enes ser vi på som eit forsvar for tidlegare forståing av regelverket, men at tiltakshavar no er innstilt på ei retting innanfor regelverket.

Jon Harald Kjærland
saksbehandlar

Vedlegg

Kopi m/vedlegg: Einar Stuvik, Sotesgt. 2, 4041 Hafrsfjord
Kopi: Bodil Enes, Kleivo 22, 5475 Ænes.

